

Rapport 2012 Planar 2013

HØGSKOLEN I BERGEN



HØGSKOLEN I BERGEN

FØREORD

Rapport og planer for 2012-2013 er utarbeidd i samsvar med retningsliner frå departementet. Dokumentet har vore handsama i høgskolestyret i to møter som eiga sak, og som grunnlag for budsjettsaka. Høgskolestyret handsama dokumentet endeleg i møtet den 6. mar, slutta seg til hovudlinene i dokumentet og gav rektor og høgskoledirektør fullmakt til å slutføre arbeidet med rapport og plan.

Dokumentet har hatt ein gjennomgåande handsaming i organisasjonen. Arbeidet med plandelen starta opp tidlig i haustsemesteret 2012. Målet har vore å bygge vidare på det arbeidet som låg til grunn for planen for 2012 og oppfølging av måla i *Strategisk plan for Høgskolen i Bergen 2011-2015*. Arbeidet med risikovurderingar er vidareført i tråd med dei tilbakemeldingane departementet gav i etatsstyringsmøtet våren 2012.

Året som har gått har vore eit godt år for Høgskolen i Bergen. Økonomien er styrka. Dei auka avsetningane har som føremål å møte den framtidige situasjonen med auka husleige i samband med nytt bygg. I tillegg har ein klart å auke avsettinga til strategiske midlar for å kunne realisere måla høgskolen har for forskning og utdanning.

Utvikling av dei prioriterte forskingsområda er i godt gjenge, og det blir arbeidd godt med utvikling av relevante og profesjonsretta mastergradar. Samstundes er det viktig å følgje grunnutdanningane våre godt opp, og dette har også vore høgt prioritert i 2012.

Som tala viser har vi hatt eit godt opptak til høgskolen sine utdanningar i 2012. Høgskolen har gode søkjarar, og kan vise til ei god gjennomføring og betre resultat enn nokon gong. Vår vurdering er at høgskolen oppfyller samfunnsmandatet på ein god måte og utdannar kandidatar som er svært ettertrakta i arbeidslivet. Høgskolen har som mål å kunne utvikle seg vidare i tråd med dei linene som er trekte opp i strategisk plan.

Likevel; i det komande året og inngangen til det neste, står høgskolen framfor store utfordringar i samband med samlokaliseringa. Realiseringa av tilleggsbygg knytt til den nye campusen på Kronstad vil vere ei sak som høgskolen prioriterer høgt i tida framover. Målet er så raskt som mogleg å samle *heile* høgskulen på campus.

Høgskolen arbeider målretta for å styrkje kompetansen blant dei tilsette gjennom forskning og utviklingsarbeid retta mot sektorane vi utdannar for. Ved sterkare prioritering/vektlegging av forskning ønskjer vi å styrke eigne utdanningstilbod og sikre tilfanget av lærekrefter til eigne utdanningar i framtida.

Ole-Gunnar Søgner
rektor

Audun Rivedal
høgskoledirektør

Innhald

FØREORD.....	1
RESULTATRAPPORTERING FOR 2012	5
Innleiing	5
Arbeidet i styret.....	6
Sektormål 1: Utdanning.....	8
Verksemdsmål 1.1 Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskningsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå.	8
Verksemdsmål 1.2 Høgskolen i Bergen skal utdanne høgt kvalifiserte, sjølvstendige, reflekterte og etisk bevisste yrkesutøvarar for ein nasjonal og internasjonal arbeidsmarknad.	9
Sektormål 2: Forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.....	11
Verksemdsmål 2.1 Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemnd, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv.....	11
Sektormål 3: Formidling og samfunnsoppdrag.....	13
Verksemdsmål 3.1 Høgskolen i Bergen skal vere ein sentral samarbeidspartnar og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskolen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.....	13
Sektormål 4: Forvaltning.....	17
Verksemdsmål 4.1 Høgskolen i Bergen skal ha eit arbeids- og læringsmiljø som er ope, stimulerande, trygt og utfordrande.	17
Verksemdsmål 4.2 Høgskolen i Bergen skal utvikle ein heilskapleg organisasjon på Kronstad, der samlokaliseringa skal styrkje fagleg samarbeid på tvers av utdanningane.....	17
Verksemdsmål 4.3 Høgskolen i Bergen skal leggje til rette for gode kunnskapslokale med høg kvalitet. Høgskolen skal ha som mål å verte miljøfyrtårnsbedrift.	18
Verksemdsmål 4.4 Høgskolen i Bergen skal ha høg kompetanse blant dei tilsette, òg med tanke på å oppnå universitetsstatus	19
Verksemdsmål 4.5 Høgskolen i Bergen skal skape eit større økonomisk handlingsrom gjennom effektiv bruk av ressursane og tydelege prioriteringar.....	19
Anna rapportering.....	21
2.3.1 Oppfølging etter etatsstyringsmøtet i 2012.....	21
2.3.2 Aktivitetskrav	23
2.3.3. Rapportering om SAK i ingeniørutdanninga.....	24
2.3.4. Kvalitet i førskulelærerutdanninga.....	25
2.3.5 Universell tilrettelegging	26
2.3.6 Studentkapasitet	26
2.3.7 Midlar tildelt over budsjettkapittel 281	26
2.3.8 Rapportering på likestilling	27
2.3.9 Større investeringsprosjekter	27
2.3.10 Forvaltning av aksjefullmakt	27
2.3.11 Sikkerhet og beredskap	27
2.3.12 Felles føringer.....	28
Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv	28
Auke av antallet lærlingar i statsforvaltninga.....	29
Viderebruk av offentlege data	29
Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplasser.....	29

ÅRSPLAN 2013.....	31
Innleiing	31
Sektormål 1: Utdanning	32
Innleiing.....	32
Verksemdsmål 1.1 Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskingsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå, og utdanne høgt kvalifiserte, sjølvstendige, reflekterte og etisk bevisste yrkesutøvarar for ein nasjonal og internasjonal arbeidsmarknad.....	33
Verksemdsmål 1.2 Høgskolen i Bergen skal i 2013 legge gode planar for flytting av verksemda til Kronstad og Møllendalsveien i 2014, med det mål at det ikkje skal gå ut over kvaliteten i utdanningane..	36
Sektormål 2: Forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.....	37
Innleiing.....	37
Verksemdsmål 2.1 Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemda, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv.....	38
Sektormål 3: Formidling og samfunnsoppdrag.....	40
Innleiing.....	40
Verksemdsmål 3.1 Høgskolen i Bergen skal vere ein sentral samarbeidspart og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskolen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.....	41
Verksemdsmål 3.2 Forskings- og kompetansesentera til høgskolen skal ha høg relevans for regionen og være nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktige innan sine fagområde. Sentera skal ha kritisk masse og bidra med kompetanse på tvers av avdelingane.	43
Sektormål 4: Forvaltning	44
Innleiing.....	44
Verksemdsmål 4.1 Høgskolen i Bergen skal ha eit arbeids- og læringsmiljø som er ope, stimulerande, trygt og utfordrande	45
Verksemdsmål 4.2 Høgskolen i Bergen skal utvikle ein heilskapleg organisasjon på Kronstad/Møllendalsveien, der samlokaliseringa skal styrkje fagleg samarbeid på tvers av utdanningane. ...	45
Verksemdsmål 4.3 Høgskolen i Bergen skal leggje til rette for gode kunnskapslokale med høg kvalitet. Høgskolen skal ha som mål å bli miljøfyrtårnsbedrift.	47
Verksemdsmål 4.4 Høgskolen i Bergen skal ha høg kompetanse blant dei tilsette, òg med tanke på å oppnå universitetsstatus	48
Verksemdsmål 4.5 Høgskolen i Bergen skal skape eit større økonomisk handlingsrom gjennom effektiv bruk av ressursane og tydelege prioriteringar.	49
VEDLEGG	52
Vedlegg 1 RISIKOVURDERING 2013.....	53
Vedlegg 2 SAK-midler 2012	57
Vedlegg 3 Kapasitet 2013	57
Vedlegg 4 RAPPORT OG PLANER 2012-2013 LIKESTILLING OG MANGFOLD.....	63

RESULTATRAPPORTERING FOR 2012

Innleiing

Resultatrapporteringa for 2012 tar utgangspunkt i årsplanen for 2012 i struktur og innhald. Både planen og rapporten er basert på målstrukturen som Kunnskapsdepartementet (KD) har lagt for 2012. Rapporteringa er dessutan gjennomført i samsvar med rapporteringskrava KD har stilt i tildelingsbrev for 2012 og 2013, og i dokumentet *Rapporteringskrav for statlige universiteter og høyskoler for 2012*.

Rapporten er strukturert etter malen frå KD. Høgskolen har i tråd med føringane utarbeidd verksemdsmål med utgangspunkt i høgskolens strategiske plan for styreperioden. Det er difor i rapporteringa fokusert på måloppnåing for verksemdsmåla med bakgrunn i tiltaka som var sett opp. Til dei ulike verksemdsmåla er det knytt kvantitative styringsparameter. Nokre er definert av KD, medan andre er definert av høgskolen sjølv (merka HiB). Her er det knytt kommentarar til måloppnåing relatert til dei måltala som vart definerte for 2012. I tråd med krava er omtalen av kvart sektormål avrunda med kvalitative vurderingar av tema definert av KD.

I årsplanen for 2012 viser høgskolen dei viktigaste risikoane knytt til realisering av verksemdsmåla og tiltaka for rapporteringsåret. Desse er kommentert i samband med rapporteringa på det enkelte verksemdsmålet. Deretter følger «Anna rapportering» og «Felles føringar», i tråd med krava til rapportering stilt av KD. Det er også ei rekkje vedlegg knytt til rapporten.

Høgskolestyret godkjende det samla dokumentet Rapport 2012 – årsplan 2013 i styremøtet 6. mars 2013.

Arbeidet i styret

Høgskolestyret hadde i 2012 denne samansettinga:

Styreleiar: Rektor Ole-Gunnar Søgner

Medlemmer

Vara

Tilsette i undervisnings- og forskarstillingar:

Sissel Johansson Brenna	1. Ragnar Gjengedal
Asle Holthe	2. Marit Graue
Beate Lode	3. Njål Vindenes

Tilsette i teknisk-administrative stillingar:

Henning Norheim	1. Liv Kjelleberg
	2. Marianne Mathiesen
	3. Giselda di Giovanni

Studentar (fram til 31.7.)

Rasmus Haugen Sandvik	1. Isabel Grindheim
Kjersti Myhre	2. Håkon Berg

Studentar (frå 1.08.)

Pernille Marie Våge	1. Rasmus Haugen Sandvik
Edgar Karlsen	2. Monica Olsen

Eksterne medlemmer:

Kristian Helland	Inge Alver (personleg vara for K. Helland)
Mona Røsvik Strømme	Aud Karin Oen (personleg vara for M. R. Strømme)
Atle Tidemann	Frédéric Verhelst (personleg vara for A. Tidemann)
Sissel Østberg	Gunhild Utkvitne (personleg vara for S. Østberg)

Prorektor Bjørg Kristin Selvik var vararepresentant for rektor i styret.

Styret hadde 7 møte i 2012, og handsama 118 saker. Det var ikkje ekstraordinære styremøter i 2012. I samband med møtet i februar deltok styret på arbeidsmiljødagen ved høgskolen. Styret hadde gjennom året møte med alle dei tre avdelingane og med Studentparlamentet.

Styret hadde to styreseminar i 2012. På det første i februar var realisering av universitetsambisjonen hovudsak. Det andre i november 2012 var lagt opp som ein studietur til høvesvis VIA University College i Århus og Århus Universitet. Begge desse har på kvart sitt vis erfaringar som er relevante for Høgskolen i Bergen framover, både i samband med ny campusetablering og i spørsmål kring omorganisering.

Styret deltok på høgskolens arbeidsmiljødag i 2012.

Sentrale saker som har vore på agendaen er saker knytt til samlokalisering på Kronstad. Vidare har styret handsama viktige saker om utvikling av studieporteføljen med vekt på mastergradar, og ikkje minst utviklinga av doktorgradsområda.

Styret har hatt søkjelys på høgskolen sin samla økonomi, og på arbeidet med utvikling av ny campus.

I januar 2013 summerte styret opp sitt eige arbeid så langt i perioden. Erfaringane viser at styret etter eiga vurdering har hatt ei god utvikling og det kan sjå ut som om ein treng eit år på bli kjent med institusjonen og dei andre medlemmane i styret. Styret er nøgd med samarbeidsforma i styremøta og opplever god balanse i samansettinga. Møta har vore gode og dei seminara som styret har hatt, har vore givande for arbeidet. Styret har ein god dialog med gode forhandlingar.

Styret peiker på at dei eksterne og dei interne har ulike føresetnader for å kjenne sakene. I nokre saker hadde det vore ønskeleg med eit grundigare saksunderlag. Dette er særleg viktig der vararepresentantar frå tid til anna deltar. Styret peikar også på at viktige saker bør handsamast i to omgangar.

Det noverande styret arva strategisk plan frå det førre styret. Styret meiner likevel at oppfølginga av planen, frå sak til sak, har vore tilfredstillande.

I det vidare arbeidet ynskjer styret at det i større grad blir knytt økonomiske vurderingar til prioriteringane.

Sektormål 1

Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Verksemdsmål 1.1

Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskingsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå.

Høgskolen i Bergen har i hovudsak gjennomført alle dei planlagde tiltaka under verksemdsmålet.

Høgskulen hadde god søknad og opptak til både bachelor- og mastergradsstudia for opptaket 2012.

Den samla oversikta viste at høgskulen hadde ein fin auke i studiepoengproduksjonen. Likevel har det vore ein liten nedgang i kandidat-produksjon på to avdelingar. Dette kjem delvis av at vi har deltidsutdanningar med opptak annakvart år (t.d. sjukepleie) og delvis fråfall i studia. Ved bachelorgradsstudiet i økonomi og administrasjon vardet i 2012 ekstra mange som slutta etter å ha kome inn på anna økonomi-utdanning (t.d. NHH). Høgskolen arbeider no med å etablere eigne mastergrads-utdanningar som gir høve til gjennomgåande utdanning frå bachelor til master. Dette vil på sikt kunne demme opp mot noko av fråfallet.

Høgskulen arbeidar aktivt med å kople utdanning og forskning mellom anna ved at studentar blir involvert i dei tilsette sine forskingsprosjekt.

To av dei planlagde tiltaka for 2012 har ikkje vore realisert som planlagt. Dette er tiltak som knyter seg til fellesgradar internasjonalt og nasjonalt.

Slik ein ser det i dag kan det sjå ut til at den risikovurderinga som blei lagd til grunn for verksemdsmålet i 2012 ikkje hadde sterk nok relevans. Erfaringa og tala viser at Høgskolen i Bergen har godt kvalifiserte førstegangssøkjjarar til utdanningane sine. Høgskolen har eit godt rekrutteringsgrunnlag i regionen og god søkning til utdanningane som høgskolen tilbyr.

Verksemdsmål 1.2 Høgskolen i Bergen skal utdanne høgt kvalifiserte, sjølvstendige, reflekterte og etisk bevisste yrkesutøvarar for ein nasjonal og internasjonal arbeidsmarknad.

Høgskolen har under dette verksemdsmålet også i hovudsak realisert dei planlagde tiltaka.

Alle gradstudningane har i 2012 implementert kvalifikasjonsrammeverket med læringsutbyttebeskrivingar med unntak av barnehagelærerutdanninga. Denne vil starte opp etter heilt ny rammeplan hausten 2013, og den nye fagplanen har implementert læringsutbyttebeskrivingar.

Det blei sett i verk fleire pilotprosjekt med digitale læringsformer i alle avdelingane. Erfaringane av desse pilotane vil danne grunnlag for det vidare arbeidet med digitale læringsformer ved høgskolen.

Ei eiga arbeidsgruppe har greidd ut innføring av digitale vurderingsformer. Høgskolen ser på dette som eit viktig høve til å forenkle studieadministrasjon både for fagpersonalet og for tilsette i studieadministrasjonen, og gjere kvardagen enklare for studentane.

Det er lagt til rette for ein auke i talet på innkomande internasjonale studentar ved at alle bachelorutdanningane har minst eit emne på engelsk.

To av dei planlagde tiltaka er ikkje realisert i 2012, og desse omhandlar målet om å utvikle engelskspråklege mastergradsstudier for å auke mobiliteten, og prosjekt for å auke det kulturelle mangfaldet. Sistnemnde har ein ikkje hatt høve til å prioritere i inneverande år men det kjem att som tiltak i 2013.

Arbeidet med engelskspråklege mastergradsstudier blir vidareført som ein prioritet i handlingsplanen for internasjonalisering som styret vedtok i 2012 og som ein del av planane for sektormålet for 2013.

Risikovurderingane til verksemdsmålet knytte seg til låg gjennomstrøyming på enkelte studiar. Tala viser at gjennomstrøyminga har halde seg konstant, men viser ein svakt fallande tendens. Dette vil høgskolen følge vidare opp.

Kvalitative styringsparameter

- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.

Høgskolen i Bergen hadde som tiltak å utarbeide læringsutbyttebeskrivingar for alle faga i 2012. Det er derfor for tidleg å vurdere i kva grad måla er nådd.

Effekten av desse vil best kunne målast etter minst eit studieår.

Kvantitative styringsparameter sektormål 1

Styringsparameter	Resultat			mål 2012
	2010	2011	2012	
Gjennomføring på normert tid (KD) ¹	91,1	91,1	91	92
Delen uteksaminerte kandidatar tatte opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,8	0,5	0,7	0,7
Talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar per studieplass (HiB)	2,21	2,15	2,1	2,25
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år (HiB)	48,4	49,6	50,8	50
Talet på studentar per årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (HiB)	15,2	15,6	15	15
Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt (HiB)	4990	5359	5887	5270
Talet på utvekslingsstudentar totalt over 3 mnd. (ut/innreisande) (HiB)	247/76	227/73	265/60	255/90
Talet på utvekslingsstudentar på masternivå over 3 mnd. (ut/innreisande) ² (HiB)	2/0	0/0	1/0	4/0
Talet på utvekslingsstudentar totalt (ut/innreisande) ³ (HiB)	262/84	264/86	274/70	300/90
Talet på framandspråklege mastergradar (HiB)	1	2	2	2
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar) (HiB)	2	4	4	4

¹ Dette talet baserer seg på gjennomføring etter planlagt utdanningsplan.

² Vi har 10-12 studentar på utreise til Houston som ikkje blir registrert hos oss.

³ Inkluderer alle registrerte utvekslingsstudentar som var på utveksling frå 1 veke til 12 månader, og som avslutta opphaldet i rapporteringsåret.

Sektormål 2

Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarisk- og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Kvalitative styringsparameter

Resultatoppnåing på forskning i høve til sin eigenart.
Samspel mellom forskning og utdanning.

Verksemdsmål 2.1 Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemd, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv.

Høgskolen har i all hovudsak gjennomført dei planlagde tiltaka. Desse verkar inn på dei ulike måla som høgskolen har i sin Strategi for forskning, utvikling og nyskaping (FoU/N) 2011-2015 og som i sin tur er knytt til strategisk plan for HiB. Desse tiltaka støttar blant anna opp under dei kvalitative styringsparametrane som er etterspurt av Kunnskapsdepartementet for 2012. Dette ser vi særlig i samband med forskingsverksemda knytt til profesjonsfaga.

Planen for 2012 var å ferdigstille ein søknad om ph.d. Dette arbeidet blei noko forsinka med omsyn til søknadsfrist og vil bli sendt i 2013. Arbeidet blir rekna for å vere i rute. Søknaden omhandlar studiar av danning og didaktiske praksisar knytt til skule og barnehage, og er forankra i Avdeling for lærarutdanning. Dei andre områda som er under utvikling for ph.d.-studium er Helsefag med vekt på kunnskapsbasert praksis forankra i Avdeling for helse- og sosialfag, og ICT-Engineering forankra i Avdeling for ingeniørutdanning.

Høgskolen hadde ein plan om å nå 200 vitenskaplege publikasjonar i 2012. Dette målet blei nådd. Omfanget ligg på om lag same nivå som i rekordåret 2011, då den vitenskaplege publiseringa langt oversteig måltalet.

I 2012 evaluerte FoU-utvalet tildeling av FoU-tid i forhold til vitenskapleg publisering, for å sjå om kravet til auka vekt på vitenskapleg publisering av FoU-tid var følgt. Høgskolen publiserer stadig meir i internasjonale tidsskrift og på anerkjende forlag. Analysen viste at 104 av 113 publikasjonspoeng og 206 av 221 publikasjonar i 2011 var internasjonale. I tillegg publiserer høgskolen i norske profesjonstidsskrift innanfor dei profesjonane vi utdannar til. Fagmiljøa som representerer doktorgradsområda står for brorparten av den vitenskaplege publiseringa. Publiseringa på nivå 2 er relativt sett god, samanlikna både med høgskular og universitet. Nivå 2-publikasjonene utgjorde vel 38 prosent av dei totale publikasjonspoenga ved HiB i 2011. Analysen viste dessutan at fagmiljøet ved Avdeling for helse og sosialfag leverte publikasjonar på nivå 2, som langt oversteig snittet for U&H-sektoren.

Høgskolen har dei siste åra gradvis intensivert arbeidet med å hente inn eksterne forskingsmidlar. I 2012 fekk høgskolen tildelt det strategiske høgskoleprosjektet *Promoting patient and professional competencies in diabetes care and management*

– a prerequisite for high-quality evidence-based health care (DiaHEALTH) på til saman 23 MNOK med 16 MNOK i finansiering frå Noregs forskingsråd. Prosjektet er svært viktig for utviklinga av ph.d.-studiet i helsefag med vekt på kunnskapsbasert praksis. Målalet for rekneskapstal, som er oppgitt i tabellen under, er ikkje nådd grunna forseinka start på fleire prosjekt. Tar ein med førehandsutbetalingane frå forskingsrådet i 2012 overstig vi målalet. Høgskolen reknar med at dette vil gi utslag på resultatata i 2013.

Høgskolen hadde 5 tilsette som disputerte for doktorgraden i 2012. Som ledd i forskarutdanningsplattforma som er etablert ved høgskolen vart det i vårsemesteret arrangert 2x2-dagars kurs i ph.d.-rettleiing med danske arrangørar.

Det er dessutan satsa vidare på utvikling av forskingsleiing, blant anna ved å søkje våre forskarar inn på kursa til Universitetet i Oslo for aktive forskingsleiarar. Forskingsleiing var også overordna tema med gjesteforedrag på høgskolen sin FoU-konferanse 24. oktober og på leiarsamlingar hausten 2012. Høgskolen har ikkje hatt kapasitet til å arrangere egne kurs i forskingsleiing i 2012.

Høgskolen arbeider med å knytte saman arbeidet innan forskning og utdanning på det overordna strategiske planet, og held ein tett dialog mellom FoU-utvalet og utdanningsutvalet. Utvikling av dei nye profesjonsretta ph.d.-studia samt mastergradsutdanningane står her i ei særstilling med omsyn til å knyte forskning og utdanning tettare saman. Dette var også tema på høgskolens konferanse om mastergradsutdanning hausten 2012.

Høgskolen held det fortsatt som ein risiko i arbeidet med å utvikle høgskolen at dei eksisterande gradsgivande institusjonane for utdanning av ph.d.'ar i for liten grad er retta inn mot dei utdanningsområda som høgskolen har. Arbeidet med ph.d.-utdanningane og dermed oppbygging av dei sentrale forskingsfeltene er derfor eit arbeid som har vore prioritert. Med omsyn til risiko ser det ut til at høgskolen lykkast med å redusere denne. Høgskolen har fokusert på rekruttering av professorar inn mot ph.d.-områda med tanke på å sikre ei oppbygging av desse.

Styringsparameter	Resultat			Mål 2012
	2010	2011	2012	
Talet på vitenskapleg publisering	119	221	Om lag 210	200
Vitenskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng (HiB) ⁴	67,4	113	Ikkje klart før i april	115
Midlar frå Noregs forskingsråd (i tusen kr) (HiB)	7.565	8.212	10.512	12000

⁴ Talet på publikasjonspoeng for 2012 er ikkje klart for denne rapporten, fordi rapporteringsfristen til Cristin for publikasjonar ikkje er før 3. april 2013.

Sektormål 3

Universitet og høgskular skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Verksemdsmål 3.1

Høgskolen i Bergen skal vere ein sentral samarbeidspartnar og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskolen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen har gjennomført dei fleste tiltaka som var planlagt for å nå måla for arbeidet med sektormål 3 i 2012. Høgskolen er ein sentral samarbeidspart og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet og som eit ledd i dette arbeidet fekk høgskolen våren 2012 etablert Råd for Samarbeid med arbeidslivet (RSA).

Sentera ved høgskolen er i god utvikling. FoU-samarbeidet med samfunns- og arbeidslivet er aukande. Til dømes har Senter for kunnskapsbasert praksis tett dialog med helsesektoren, både spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta i kommunesektoren. Senteret har i 2012 hatt fleire prosjekt og dessutan starta opp eit stort FoU-prosjekt for å studere og implementere kunnskapsbasert praksis i kommunehelsetenesta i Fedje kommune.

Senter for nyskaping er engasjert i satsingar knytt til utvikling av næringsklynger. Gjennom blant anna VRI-programmet held senteret tett oppfølging av bedrifter i ulike Arena-program, der dei tilbyr kompetansemekling og mobilitetsprosjekt mot akademia. Senteret har elles vore engasjert i aktivitetar knytt mot både NCE Subsea og Idéfangst retta mot studentar i Bergen.

Senter for kunstoffag, kultur og kommunikasjon har ein god framgang gjennom arbeidet med programmet «Kunstoffagsdidaktikk». Programmet er delt inn i 3 delområde som dekkjer Kunstnarisk forskning, Samansette kunstuttrykk og Estetisk danning. Programmet blei etablert i 2009. Senteret skal ut 2013 drive prosjektet Den kulturelle skolesekken i samarbeid med UNI-Rokkansenteret og UiB. Senteret har høg publiseringssrate og formidlingsrate.

Senter for utdanningsforskning har arbeidd med tema frå internasjonal og komparativ forskning i førskule og skule i samarbeid med eliteinstitusjonar som East China Normal University og Oxford, til oppdrag frå fylkeskommunen og forskning i samarbeid med region og kommune. Utanom gjennomgåande seminarverksemd i regi av FOURD og Glocal Teacher, har det vore arrangert regionale seminar som *Profesjonalisering mellom fag og praksis i lærerutdanningen*, internasjonale seminar som *Urban Teacher Education* ved Oxford og *Educational Conversation* i Bergen. Senteret har vore med på å arrangere NAFOL-skule i Bergen, medverka med kurs og førelesarar og er publisert mellom anna i kunnskapskanalen i NRK i 2012. Ein stor del av

senterets arbeidskapasitet har i 2012 gått med på å utvikle doktorgradsstudiet *Danning og didaktiske praksisar*. Forskargrupper knytt til senteret har i tillegg til omfattende artikkelpubliserings også gitt ut viktige rapportar og fire forskingsbaserte bøker for profesjonane sine.

For komande periode er sentra og aktiviteten her løfta fram i målstrukturen for å synleggjere denne delen av verksemda.

Høgskolen arrangerte våren 2012 ein nasjonal konferanse om omsorgsteknologi. Konferansen la grunnlaget for at det hausten 2012 vart sett ned ei styringsgruppe for å etablere eit regionalt senter for omsorgsteknologi. For å styrke satsinga på dette feltet var det i 2012 tilsett prosjektleiar i full stilling.

Høgskolen har forvalta eigarskapet i NCE Subsea Drift AS aktivt. Hausten 2012 var høgskolen i tett dialog med foreininga NCE Subsea for å vurdere høvet for å selje driftselskapet til foreininga. Årsaken er at begge partar ser det som tenleg med meir heilskaplege ansvarsforhold i NCE Subsea. Det er difor lagt til rette for sal av driftselskapet i 2013. Foreininga har dessutan ønskt å endre organisasjonsform til samvirkeføretak. Høgskolen har difor vore i tett dialog med Kunnskapsdepartementet i forhold til vidare deltaking i NCE Subsea under ei slik organisering. Høgskolen har elles eit godt fagleg samarbeid med NCE Subsea. I 2012 overtok høgskolen utviklinga av dataspelet SIMSubsea, eit pedagogisk dataspel i matematikk som skal stimulere interessa for undervassteknologi. Utviklinga er finansiert av oljeindustrien og høgskolen i fellesskap. Høgskolen har dessutan vore i dialog med næringslivsaktørane i NCE Subsea, Folkeuniversitetet Vestlandet og utviklingsselskapet Fram Flora i Florø for å etablere bachelor-utdanning i undervassteknologi i Florø.

Nyskapingsparken Inkubator fekk i 2012 fornya tillit under den nye programperioden til SIVA med finansiering frå 2012-2016. Her har høgskolen inngått partnerskap med Bergen Teknologioverføring, som leverer rådgiving i forretningsutvikling i samarbeid med andre aktørar på feltet. Hordaland Fylkeskommune, Bergen kommune og NHH er finansielle bidragsytarar til inkubatoren. Søknads-, evaluerings- og rapporteringsprosessar er vidareutvikla, og interessa for inkubatoren er aukande blant nye bedrifter i FoU-sektoren regionalt. Inkubatoren er organisert under Senter for nyskaping, som også har etablert følgeforskning på effektane av inkubatorverksemda. Høgskolen ser denne satsinga i samanheng med kommersialiseringsarbeidet, som med dette har fått ei auka kraft. Talet på innmelde forretningsidéar til/frå både eigen og andre kommersialiseringsverksemdar er aukande.

Høgskolen har hatt auka satsing på e-læring i 2012. Mellom anna fekk høgskolen 700.000 kroner til prosjektet *Design av medierike bøker* frå Norgesuniversitetet i 2012 (sjå: <http://norgesuniversitetet.no/aktuelt/15-ikt-prosjekt-far-stotte>). Vidare har det vore satsa gjennom eit pilotprosjekt knytt til e-læring på avdelingane. (Sjå over). Arbeidet er styrka igjennom bruk av ressursar på utviklingsprosjekt knytt til nye medium. Dette har vore ei populær ordning og resultert i nye e-læringsprosjekt og utvikling av videobasert læring via nett.

Også i 2012 har det vore stor aktivitet ved HiB på etter- og vidareutdanningsfeltet. I tillegg til etter- og vidareutdanning med finansiering frå Utdannings- og Helsedirektoratet, har høgskolen vidareutdanningar på oppdrag frå store offentlige og

private aktører som FLT(Addisco), Framo, BKK, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune og andre store oppdragsgivarar i vår region.

Høgskolen i Bergen har koordinatorfunksjonen for Region Vest - ein av 6 oppnemnde koordinerende institusjonar for ulike satsingar innan etter- og vidareutdanning for lærarar, og regionanes samarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonane innan skulesektoren. Region Vest består av institusjonane HiVO, HiSF, NLA, UiB, HsH og HiB. I det regionale ansvaret inngår dei nasjonale satsingane: Kompetanse for kvalitet, Skulebasert kompetanseutvikling for ungdomstrinnet, Rektorskolen og ei rekkje andre satsingar på etterutdanning for lærarar. Administrativ oppfølging er lagt til koordinator for regionen.

Til koordinatorfunksjonen ligg ansvar for blant anna koordinering av søknader, tildelingar, felles marknadsføringstiltak, samordning av tilbydarar, kontakt med skuleeigarar og skuleleiarar. Koordinator skal ifølge mandatet også sørge for at skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar får oversikt over kor ulike kompetansar og tilbod finst, og korleis ein får tilgang til desse.

Høgskolen har satsa på ei styrking av kommunikasjonsarbeidet i 2012, med blant anna tiltak for internkommunikasjon, formidlingsrettlegg og profileringsarbeid i regi av den nyetablerte Seksjon for kommunikasjon. Det er tatt eit aktivt grep i forhold til formidling gjennom medlemskap i forskning.no, og gjennom kursing av dei tilsette. Interne kanalar er styrka innanfor både nyheitsformidling og debatt. I 2012 vart det satt i gang eit prosjekt for utvikling av ny og meir brukarretta nettløysning for www.hib.no, og eit prosjekt for utvikling av ny visuell kommunikasjonsplattform ved HiB.

Både brukar- og allmennretta formidling har i følge Cristin auka i 2012. Ein reknar med stor underrapportering på dette, og vurderer derfor resultatet for året for å vere innanfor det planlagde målet.

I forhold til andelen BOA-inntekter viser rekneskapstala ein nedgang. Det låge prosenttalet, samanlikna med tidlegere år, har to hovudforklaringar:

- 1) Prosjekt/omsetning som tidligare har vore klassifisert som BOA-aktivitet, er blitt flytta til ein annan «rekneskapskategori» (salsinntekter), og dermed ikkje tatt med i BOA-talet.
- 2) Inntektstalet (altså nemnaren) har både i 2011 og 2012 vore «kunstig» høge på grunn av overføringar av brukartildelingar til nybygget. Desse tala har dermed avgrensa verdi som rapporteringstal.

Høgskolen har i 2012 starta arbeidet med å avvike prosjekt Metningsdykkarutdanning. Årsaka til denne avviklinga har vore at økonomien i prosjektet ikkje har vore økonomisk berekraftig for høgskolen. Denne avviklinga har blitt gjennomført på oppdrag frå og i tett dialog med KD.

Det blei vurdert som ein høg risiko at økonomien knytt til metningsdykkarutdanninga kunne verke negativt inn på drifta ved høgskolen. Avviklinga av prosjektet er derfor eit tiltak for å redusere risikoen for høgskolen samla sett.

Kvantitative styringsparameter sektormål 3

Styringsparameter	Resultat			Mål 2012
	2010	2011	2012	
Delen inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og NFR (KD)	6,9 %	4,8 %	2,7 %	5%
Total registrering av publisering samt bruker- og allmennretta formidling i CRISTIN (HiB)	973	889	930	1000
Talet på forretningsidear (HiB)	1	14	15	10

Sektormål 4

Universitet og høgskular skal effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si.

Verksemdsmål 4.1 Høgskolen i Bergen skal ha eit arbeids- og læringsmiljø som er ope, stimulerande, trygt og utfordrande.

Arbeidet med HMS-strategien og handlingsplanen blei ikkje avslutta i 2012. Arbeidet blir vidareført i 2013. Det er vidare arbeidt med å implementere tiltaka i Handlingsplan for likestilling og mangfald. Dette arbeidet vil også vidareførast i 2013.

Høgskolen har utarbeidd ein ny strategi for IT. Denne blei ferdigstilt i 2012 og lagd fram for styret i 2013.

Verksemdsmål 4.2 Høgskolen i Bergen skal utvikle ein heilskapleg organisasjon på Kronstad, der samlokaliseringa skal styrkje fagleg samarbeid på tvers av utdanningane.

Høgskolen har i 2012 hatt eit organisasjonsutviklingsprosjekt med, i første omgang, søkjelys på grunnlaget for ny studieadministrasjon fram mot flyttinga av verksemda til Kronstad og Møllendalsveien i 2014. Målet for denne første delen reknast som oppfylt og prosjektet er no i *fase to* der målet er å utvikle ny organisasjonsplan for den samla studieadministrasjonen.

Høgskolen har vidare som eit ledd i arbeidet, tatt til med omorganisering av høgskolebiblioteket med tanke på samlokaliseringa, og for å takle utfordringane som ligg i planane for høgskolens vidare utvikling. Høgskolen har som ledd i arbeidet med bibliotekenestene etablert eit bibliotekråd i 2012.

Arbeidet med informasjon og involvering i samlokalsieringsarbeidet har vore prioritert av leiinga gjennom heile 2012, og det er mellom anna flytta over ressursar frå kommunikasjonsseksjonen til dette arbeidet.

Risikoen knytt til internkommunikasjon og informasjon har vore fortløpande vurdert av leiinga, og justeringar har blitt gjort etter kvart igjennom året. Slik ein vurderer det har denne risikoen vore handtert tilfredsstillande.

Verksemdsmål 4.3 Høgskolen i Bergen skal leggje til rette for gode kunnskapslokale med høg kvalitet. Høgskolen skal ha som mål å verte miljøfyrtårnbedrift.

Det har for dette verksemdsmålet vore gjennomført ein gjennomgang av innkjøpsrutinane for HiB, med det mål å styrke denne sida av verksemda. Dette er vidare omtalt under verksemdsmål 4.5. For å sikre seg ein god oversikt over framtidig arealbehov knytt til flyttinga og behov for tilleggsareal er det gjennomført ei kartlegging av areala til høgskolen.

Høgskolen har valt å gå til innkjøp av programvare for FDV og dette er tenkt implementert komande år.

Det har ikkje vore gjennomført uavhengige brukarundersøkingar. Verdien av ei slik undersøking er rekna som låg når organisasjonen står framfor både eit flytteprosjekt og ei omorganisering.

Samhandlinga mellom organisasjonsprosjektet og byggprosjektet har vore god. Det har vore arbeidd jamt med å sikre god integrasjon mellom dei ulike gruppene. Arbeidet i samlokalisingsrådet har vore viktig i denne samanhengen.

Høgskolen har no ein god dialog med Bergen kommune og Statsbygg kring nordtomta på Kronstad og vidare utvikling av denne.

Risikoen med omsyn til framtidig areal er sentral. Høgskolen har difor inngått avtale om vidare leige av Møllendalsveien for å sikre nok lokale.

Arbeidet med miljø inngår som ein del av planlegginga knytt til nybygget og drifta av bygget. Dette arbeidet er i gang og vil bli følgt opp i 2013.

Verksemdsmål 4.4 Høgskolen i Bergen skal ha høg kompetanse blant dei tilsette, òg med tanke på å oppnå universitetsstatus.

Høgskolen har delvis kome i gang med plan for rekruttering av vitenskapleg personale i tråd med vedtatte strategiar, gjennom arbeidet med strategisk rekruttering til doktorgradsområda. Dette arbeidet går inn som ein del av målet knytt til utvikling av dei prioriterte fagområda der utviklinga av ph.d.-gradar står sentralt.

Arbeidet med rekrutterings- og kompetanseplanar for teknisk administrativt personale har vore på planen og må saman med gjennomgangen av rutinar for tilsetting sjåast i samband med arbeidet i organisasjonsprosjektet som er omtalt over. Styret vil i 2013 behandle eiga sak om personellsituasjonen.

Risiko knytt til rekruttering til forskings- og undervisningsstillingar er handtert gjennom arbeidet med rekruttering til doktorgradsområda og utvikling av desse forskingsområda. Det er også knytt ein stor risiko til rekruttering av slikt personale til dei teknologiske utdanningane både på bachelor – og masternivå. Høgskolen har fokusert jamt på dette i 2012 og meiner arbeidet her har vore godt.

Verksemdsmål 4.5 Høgskolen i Bergen skal skape eit større økonomisk handlingsrom gjennom effektiv bruk av ressursane og tydelege prioriteringar.

Høgskolen hadde eit høgt ambisjonsnivå for dette verksemdsmålet i 2012. Deler av desse er følgt opp. Mellom anna har det vore halde faste møte mellom underliggande einingar og høgskoleleiinga. Vidare nyttar ein dei interne styringsdialogmøta til dette arbeidet. Det er også utført særskilt rapportering om bruken av strategiske midlar. Dette har vore handsama av høgskolestyret.

Bruk av konsekvensanalysar har vore gjort etter behov. Men slik situasjonen har vore for budsjettåret har det vore knappe ressursar knytt til økonomiseksjonen, noko som avgrensar høvet for større konsekvensvurderingar.

Som følge av auka merksemd på innkjøpsområdet har det diverre ikkje vore høve til å prioritere arbeidet med langtidsbudsjett og prognosar i det omfang som opphavleg var ønskeleg. Arbeidet på innkjøp har vore prioritert ved å styrke staben ved interne flyttingar og innkjøp av tenester. Det er vidare etablert ein rammeavtale for kjøp av innkjøpstenester, og formelt etablert eit innkjøpssamarbeid mellom institusjonane i Bergen (SAK).

Kvantitative styringsparameter sektormål 4

Styringsparameter	Resultat			Mål 2012
	2010	2011	2012	
Delen kvinner i dosent- og professorstillinger (KD)	33,3%	28,6%	31%	33%
Delen midlertidig tilsette (KD) ⁵	18,6%	20,7%	21%	20%
Delen førstestillingar av totalt tal på undervisnings-, forskar- og formidlingsstilling (HiB)	37,4%	36,6%	43%	40%
Avsettingsnivå i prosent av samla statleg løyving (HiB)	1,46%	6,75%	8,2%	5%
Resultatmargin frå oppdragsverksemda (HiB)	16,%	22 %	13,3%	16%
Delen samla lønnskostnadar i høve til samla driftskostnadar (HiB)	64,35 %	63 %	63,4%	64%

Kvalitative styringsparameter

- Langsiktig økonomisk planlegging.

Høgskolen i Bergen har lagt opp til en langsiktig planlegging av økonomien for å sikre midlar til flytting og omorganisering, samt å auke dei strategiske avsetningane. Dette arbeidet har vore vellykka i 2012 og vil først vidare i 2013.

- Robuste fagmiljø.

Høgskolen har arbeidd målretta med å styrke strategiske satsingsområde for å skape robuste fagmiljø med mål om å kunne etablere ph.d.-utdanningar på utvalde område. Desse områda ligg i kjernen av høgskolen si verksemd.

⁵ Her inngår mellom anna stipendiatar og åremålstilsette.

Anna rapportering

2.3.1 Oppfølging etter etatsstyringsmøtet i 2012

Ny målstruktur

- Departementet kom med anbefalinger knytt til målstrukturen for 2012.

I samband med arbeidet med årsplanen for 2013 har dette blitt forsøkt fulgt opp. For 2013 har det vore vanskeleg å følge opp omlegginga frå tiltak til styringsparameter slik departementet foreslår, men dette er notert for det vidare arbeidet. Høgskolen har hatt ein gjennomgang av tiltaka og verksemdsmåla med det mål å få reflektert arbeidet med flyttinga også på fleire av sektormåla.

Utdanning

- Departementet påpeiker at risikovurderingane til HiB kanskje ikkje reflekterer område der det verkeleg er høg risiko.

Dette er det tatt høgde for i den nye planen der risikovurderinga er meir vinkla inn mot flytteprosjektet og studiekvaliteten.

- Departementet påpeiker at det er viktig at høgskolen følger opp kvalitet og relevans i grunnutdanningane.

Dette meiner høgskolen blir gjort, og viser til at dei fleste måla knytt til grunnutdanningane er fulgt opp i 2012. Arbeidet blir vidareført også i 2013. Den viktigaste føresetnaden for utvikling av eigne ph.d.-utdanningar er å sikre kompetanse på dei områda der høgskolen har si tyngde – profesjonsfaga og ingeniørutdanninga. HiB meiner difor at målet om å sikre kopling mellom forskning og utdanning blir tatt vare på gjennom den strategien som er lagd opp. Vidare er det eit mål å styrke koplinga mellom forskning og utdanning gjennom studentdeltaking.

Forskning

- Departementet peiker på at sentrale delar av den nasjonale forskingspolitikken, og ikkje minst regjeringas prioritering av økt forskingsinnsats i realfag, teknologifag og profesjonsfag er lite synlege i målstrukturen.

Høgskolen ser det slik at satsinga som blir gjort for å styrke forskinga ved HiB i stor grad reflekterer måla til Regjeringa. For 2013 og 2014 vil vi likevel måtte justere ambisjonsnivåa noko ned ut på grunn av dei omstillingane som organisasjonen står overfor.

- Departementet meiner Høgskolen ikkje angir eit ambisjonsnivå for dei nasjonale styringsparametrane for forskning. Gitt at nokre av resultatane på området er svake i høve til høgskular ein kan samanliknast med, bør høgskolen ha høge, men realistiske ambisjonar om betre resultat både på departementets og sine egne styringsparametrar.

Høgskolen har som mål å utvikle forskingskompetanse innanfor kjerneområda sine, som er profesjonsutdanning, innovasjon og nyskaping. Desse måla meiner høgskolen kjem klart fram i planen for både 2012 og 2013. Vidare kjem dette fram i samband med satsinga på omsorgsteknologi som no er etablert.

Institusjonen og omverden

- Departementet forventar at eit RSA blir oppretta og sett i gang i tråd med dei føreliggjande planer og føringar, og at RSA ytterlegare vil styrke HiBs samarbeid med arbeidslivet.

RSA blei oppretta i 2012, der det blei halde eit møte Det er planlagt og sett opp fleire møter for 2013.

- HiB har berre eitt verksemdsmål og har et lågt ambisjonsnivå på styringsparametrane. Departementet merker seg at HiB arbeider godt med teknologi- og innovasjonsutvikling i subseaklynga og innanfor helse- og omsorg. Vidare har høgskolen aktivitet gjennom Senter for nyskaping og nyskapingsparken. Dette arbeidet bør reflekterast i målstrukturen.

For 2013 er det tatt med eit eige punkt om sentra ved høgskolen i målstrukturen. Sentra står sentralt i arbeidet med utvikling av forskingsområda og som grunnlag for utvikling av både master – og ph.d.-gradar ved HiB.

Styring, leiing og administrasjon

- Høgskolen bør i vidare arbeidet med målstrukturen ha ein fortsatt merksemd på økonomiske og organisatoriske utfordringar og målsettingar knytt til flytteprosessen til Kronstad og høgskolen sine universitetsplanar. I dette arbeidet er det svært viktig at ein skaffar seg eit økonomisk handlingsrom.

Dette arbeidet er følgt opp i 2012 og vil bli ført vidare i 2013. Strategien som er lagd opp i samband med økonomien vil bli følgt vidare.

- Høgskolen har utvikla eit godt system for risikostyring, og det er viktig at høgskolen i det vidare arbeidet prioriterer kva for mål som er eigna til å hindre utvalde risikoar. Høgskolen bør dessutan vere meir bevisst på kva risikoar som høgskolen meiner dei bør prioritere å ta høgde for i målstrukturen.

Dette arbeidet er forsøkt følgt opp i arbeidet knytt til 2013- planen.

- Talet på mellombelse stillingar er fortsatt høgt i universitets- og høgskulesektoren sett under eitt. Departementet ber om at styret sørger for at det blir utarbeidd måltal for planleggingsperioden og strategiar for å gjennomføre desse.

Høgskolen har i eiga sak lagt fram for styret i 2013 tatt høgde for dette arbeidet. Høgskolen har lagt inn eit mål om å redusere andelen mellombelse stillingar. Utfordringa her er at desse, sett bort frå åremålsstillingar, er knytt til permisjonar i faste stillingar. Høgskolen fokuserer på å halde seg innanfor regelverket, og at det totale talet skal haldast lågt.

2.3.2 Aktivitetskrav

Rapportering på aktivitetskrav

Studium	60 studiepoengseiningar	aktivitetskrav	Vurdering
Sjukepleie heiltid	151	194	God måloppnåing
Sjukepleie deltid (opptak 2009)	54		
	samla 205		
Fysioterapi	61,86	51	God måloppnåing
Ergoterapi	35	22	God måloppnåing
Radiografi	30,7	31	God måloppnåing
Bioingeniør	28,8	22	God måloppnåing
Vernepleie	63	58	Hadde opptak godt over måletalet
Døvetolk	17,5	20	En fremgang frå i fjor
Jordmor	35,7	40	En fremgang frå i fjor
ABIO	43 (90 studiepoengs-einingar)	47	Opptak kvart 3. semester. Gjelder heile studiet 3 semester – dividert på 90 sp. einingar.

2.3.3. Rapportering om SAK i ingeniørutdanninga

I 2012 er den totale studieporteføljen for ingeniørutdanninga gjennomgått. Høgskolen i Bergen har god søking over heile breidda av ingeniørtilbod og planlegg å vidareføre ein polyteknisk profil på bachelornivå, det vil seie å tilby alle dei vanlige linjene innanfor ingeniørutdanninga.

Nokre studieretningar, til dømes Kommunikasjonsteknologi, er ikkje så attraktive som ønskeleg - talet på kvalifiserte primærsøkjjarar ligg på mindre enn 1,3 per studieplass. Framtida til disse studieretningane vil bli vurdert fortløpande.

Høgskolen si viktigaste utfordring og avgrensing i forhold til eventuell auka opptak er romsituasjonen no og ved innflyttinga i nybygget på Kronstad, samt utfordringar knytt til rekruttering av personell på sentrale område.

I tillegg til å vere ein svært aktiv bidragsytar til dei SAK-aktivitetane som Nasjonalt råd for teknologisk utdanning organiserer, har Høgskolen i Bergen ved Avdeling for ingeniørutdanning to viktige tiltak for å bidra til ein god samla ressursutnytting:

- I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane er det no planlagt å etablere eit tilbod kalla bachelor i undervassteknologi i Florø. Dette styrkar kapasiteten på utdanninga av ingeniørar samtidig som Høgskulen i Sogn og Fjordane kan styrke sine fagmiljø innanfor matematikk, elektro og automatisering.
- Det er etablert eit samarbeid med ingeniørutdanningane ved *høgskolene i Sør-Trøndelag og Oslo-Akershus*. Målet er å sikre rekrutteringa av gode personellressursar ved felles rekrutteringstiltak i inn- og utland. I tillegg er planen å dele fagpersonell på område der høgskulane har problem med å rekruttere desse. I tillegg er det også planlagt kvalitetshevande tiltak innanfor pedagogikk og didaktikk for ingeniørutdanninga.

Elles blir det vist til Høgskolens SAK-samarbeid igjennom UH-nett Vest. Eigen rapport om dette er å finne i vedlegg 2.

2.3.4. Kvalitet i førskulelærerutdanninga

Høgskulen i Bergen har lyst ut fire ulike barnehagelærerutdanningar i 2013. Det er eit mål å ta opp om lag like mange studentar på kvar av utdanningane. Studentane som blir tatt opp i 2013 kan ta opp til 85 studiepoeng inkludert bacheloroppgåve i følgjande fire kunnskapsområde:

- *Barns utvikling, leik og læring*
- *Kunst, kultur og kreativitet*
- *Natur, helse og rørsle*
- *Språk, tekst og matematikk*

Høgskolen i Bergen legg planar for at rundt halvparten av studentane vil velje fordjuping det valde kunnskapsområdet, medan resten vil velje ei meir breiddeorientert utdanning i tredje studieår. Å lyse det ut fire kunnskapsområde gjer det mogleg å la alle studentane møte det kunnskapsområdet dei særleg søker seg inn mot allereie i første semester.

Gjennom denne modellen for utlysing og opptak tenker høgskolen å balansere behovet for djupne- og breiddekompetanse i barnehagesektoren i regionen og å legge til rette for fagleg profilert barnehagerelatert masterutdanning så fort som mogleg. Dette arbeidet er i startfasen.

I arbeidet med ny barnehagelærerutdanning tar vi også med råda frå NOKUT-evalueringa av førskulelærerutdanninga. Det blir stadig arbeid med å styrke faglæraranes forskingskompetanse samstundes som det er eit behov for å balansere ulike kompetanseprofilar i personalet. Utlyst professorat i pedagogikk er under tilsetting. I den nye utdanninga vil vi trekke med oss erfaringar frå eit prosjekt som skjer inneverande studieår ved *Avdeling for lærerutdanning* med søkjelys på mannlige studentar. Målet er å auke gjennomstrøyminga av menn i utdanninga og rekruttering av menn til barnehagen.

I HiB sin modell for barnehagelærerutdanning er femte semester internasjonalt semester. Dette vil gi oss betre grunnlag for utveksling av studentar enn i dagens utdanning. I siste studieår for første kull i barnehagelærerutdanninga vil det bli gitt ei fordjupingseining på engelsk som skal vere felles for innreisande og interne studentar; *Aesthetic and Outdoor Education in Early Childhood*. I det internasjonale semesteret vil det også bli lagt vekt på fleirkulturelle perspektiv i alle fordjupings-einingane.

SAK-samarbeidet i UH-nett Vest har vore godt i førebuinga av barnehagelærerutdanninga, mellom anna har plangruppene i dei ulike institusjonane i regionen hatt konstruktive og nyttige møte. Eit felles bokprosjekt knytt til fleirfaglegheit i barnehagelærerutdanninga er i arbeid, og det skal bli etablert ei felles fordjupingseining. Det er all grunn til å rekne med at SAK-samarbeidet vil gagne det tverrinstitusjonelle samarbeidet også på lengre sikt.

2.3.5 Universell tilrettelegging

Høgskolen skal være tilgjengeleg for alle og det blir lagt ned mykje arbeid i å sikre universell utforming i det nye bygget på Kronstad og i lokala i Møllendalsveien jf. byggeteknisk forskrift TEK-10 for universell utforming. I samanheng med endringane på eksisterande lokalar er arbeidet med universell tilrettelegging en del av vurderingsgrunnlaget for arbeida. Høgskolen er i dag i gang med endringar på lokala i Møllendalsveien, og universell utforming med tanke på tilgjengelegheit for studentar med funksjonshemming er tatt med i vurderingane som blir gjort her.

2.3.6 Studentkapasitet

Sjå Vedlegg 3

2.3.7 Midlar tildelt over budsjettkapittel 281

Tildeling Statsbudsjettet 2012- kap.281-post 1 Utdanning av rettleiarar for nyutdanna, nytilsette lærarar og førskulelærarar.

I studieåret 2012 har Høgskolen i Bergen hatt stor søknad til studiet og starta opp hausten 2012 med 40 deltakarar. Vi fikk tilskott på kr 350 000 til gjennomføring av studiet – ein underfinansiering i høve til talet på deltakarar. I supplerande tildelingsbrev blei det vektlagt at nokre lærestader har hatt betydeleg lågare aktivitet enn det som var vilkåra i tildelingsbrevet. Høgskolen i Bergen har derimot hatt ein auke i tall på deltakarar dei tre siste studieåra:

2010: 16 deltakarar (15 sp.) og 6 deltakarar(5sp.),

2011: 37 deltakarar (15sp.)

2012: 40 deltakarar (15sp.)

Høgskolen i Bergen har til no valt å tilby ein «rein» "Veilederutdanning for nyutdannede lærere i barnehage og skole" med eit omfang på 15 sp. Det inneber at studiet berre fokuserer (er ei spesialisering) på å bli rettleiar for nyutdanna lærarar og førskulelærarar. Deltakarane har vore svært positive til vårt konsentrerte tilbod. Vi har føresett at deltakarane har gjennomført innføring i rettleiing tilsvarande 15 studiepoeng (sp). tidligare og slik at dei til saman oppnår 30 sp. i rettleiing etter fullført studieløp. Erfaringane våre frå de to siste kulla med høvesvis 37 og 40 deltakarar viser at det er fleire som enten ikkje har tilstrekkelig kunnskap om rettleiing og/eller manglar studiet «Innføring i veiledning» 15 sp.

På denne bakgrunnen ønskjer vi derfor å kunne tilby 30 sp. for målgruppa; «Innføring i veiledning» 15 sp. og «Utdanning av veiledere for nyutdannede, nytilsatte lærere og førskulelærere» 15sp.

2.3.8 Rapportering på likestilling

Sjå vedlegg 4

2.3.9 Større investeringsprosjekter

Høgskolen sitt nybygg på Kronstad er i forprosjektet planlagt for 4400 samtidige studentar og 500 tilsette. Etter at bygget blei ferdig planlagt har høgskolen opplevd en stor vekst, og reknar med å fortsetje denne veksten til om lag 8000 studentar og 800 tilsette i 2016. Ein kan også rekne med ytterlegare vekst etter dette. Høgskolen arbeider derfor for å oppnå løyving for ei vidareutvikling av Campus Kronstad for å sikre høgskolen sine noverande og framtidige behov for ekspansjon i området. I høve til styresak 76/2011 ser høgskolen eit behov for eit supplerande bygg på Kronstad innanfor ei ramme på brutto 11.444 m². Det er no tatt initiativ til å få dekket dette behovet gjennom kurantbygg.

Det er ikkje klart med finansiering av eit slikt bygg. Høgskolestyret vedtok derfor i desember 2011 at høgskolen skal forhandle om leige av mellombels avlastingsbygg i lokala som høgskolen disponerer per i dag. Det er sett av midlar til ombygging og tilrettelegging av desse lokala for å møte dei behova som kjem i samband med flyttinga til dei nye lokala på Kronstad.

2.3.10 Forvaltning av aksjefullmakt

Høgskolen i Bergen har eigarskap i to selskap. Ingen av desse har lagt opp til forretningsmessig vinst. Det blir elles vist til delmål 3.2.2.

2.3.11 Sikkerhet og beredskap

Høgskolen har utarbeidd ein beredskapsplan der desse områda er omtala: varsling, informasjon, verkeområde, organisering og omsorg.

Haust 2011 følgde høgskolen opp med en gjennomgang av høgskolens beredskapsplan og revisjon av denne. Det blei då tatt initiativ til og gjennomført eit halvdagseminar med det lokale politiet. Hovedfokus var på førebygging og beredskap i forbindelse med eventuelle skyteepisodar på campus.

I juni 2012 ble det gjennomført en «table-top» beredskapsøving, og erfaringane frå denne har medført ei oppgradering av beredskaps- og presserom, samt etablering av beredskap-/presserom nr. 2 ein annan stad på campus.

Høgskolen har gjennom møte i leiargruppa ultimo september lagt grunnlaget for ny gjennomgang av planprosessen for 2013.

Høgskolen har kome i gang med oppfølging dels basert på gjennomgang og erfaringar frå 22. juli 2011, og dels på bakgrunn av tilsynsmøte med representantar for KD der følgjande tema sto på dagsordenen:

- Krisehandtering innanfor eget ansvarsområde
- Informasjonsberedskap (internt og eksternt)
- Risiko og sårbarheitsanalysar
- Beredskapsplaner (katastrofar, terrorberedskap, skoleskyting, IKT og sivilt beredskapssystem)
- Kriseorganisering
- Lokalar og sambandsmidlar
- Varslingsrutinar
- Øvingar
- Ansvar og roller opp mot departement og andre etatar

Arne Lunde og Øystein Hagen frå UH-avdelinga gjennomførte tilsynet. Tilbakemelding frå departementet etter tilsynet indikerer at vi fortsatt har forbedringspunkt, blant anna knytt til systematisk arbeid med ROS-analyser og påfølgjande førebyggjande tiltak.

Vi må derfor i erkjenne at vi ikkje på nokon måte er i mål. Høgskolen må også i framtida ha klart og sterkt leiarfokus på risiko, sikkerheitskultur, holdningar og leiarskap knytt til sikkerheit og beredskap. Ikkje minst blir dette viktig når vi medio 2014 flytter inn i ny campus på Kronstad der vi samla sett får ein høgare risiko og sårbarhet enn no som høgskolen har ein oppdelt campusstruktur.

Arbeidet med risikoerkjenning, sikkerheit og beredskap vil derfor ha en høg prioritet i det vidare arbeidet med Årsplan 2013 og i de faste leiarmøta. Høgskolen sin beredskapsplan blei revidert sommaren 2012.

2.3.12 Felles føringar

Nedanfor følger krav og forventningar som regjeringa har vedtatt og som gjeld for alle institusjonar innan statsforvaltninga. Disse gjeld nasjonale mål som heile Regjeringa har eit særleg søkjelys på. For ei detaljert framstilling av disse viser vi til det tildelingsbrevet for 2012.

Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv

Ordninga med inkluderande arbeidsliv er følgd opp. Høgskolen har oppretta tversgåande team som skal vere ressurspersonar i avdelingane. Det er underteikna ein ny samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv for perioden 2010-2013. Høgskolen har også utarbeidd ein ny IA-handlingsplan for perioden 2010-2013 i samarbeid med NAV. Høgskolen hadde eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 4,11 prosent i 2012.

VI har inne tilsette med framandkulturell bakgrunn og nedsett funksjonsevne som har vore på praksisplass ved HiB. Dette er ein del av det inkluderande arbeidslivet ved HiB.

Auke av talet på lærlingar i statsforvaltninga

Høgskolen hadde ikkje lærlingar i 2012. Høgskolen har i perioden hatt personer på arbeidspraksis gjennom NAV. Det er i dag avgrensa i kva grad høgskolen kan ta inn lærlingar.

Høgskolen har tidlegare hatt lærlingar i kontorfag, og vil i framtida vurdere å ta inn slike lærlingar att, på inntil to gjennomgåande kontraktar i året. I 2010 hadde høgskolen *ein* lærling.

Vidarebruk av offentlige data

Alle rådata blir rapportert inn via offentlege system.

Utvikling i geografisk fordeling av statlige arbeidsplasser

Heile arbeidsstyrken til Høgskolen i Bergen er lokalisert i Bergen kommune.

ÅRSPLAN 2013

Innleiing

I årsplanen vidarefører Høgskolen i Bergen arbeidet sitt med å nå måla i strategisk plan for 2011-2015. I tillegg er det tatt med fleire mellombelse verksemdsmål knytt til dei områda som høgskolen meiner er sentrale i samband med den planlagde flyttinga i 2014. Nokre av verksemdsmåla er vidareført frå i fjor og har karakter av å vere prosessuelle, mens andre er nye.

Flyttinga av institusjonen inn i hovudsakleg nye lokale, samt den omorganiseringa det blir lagd opp til, vil krevje mykje av Høgskolen i Bergen i året som kjem. Arbeidet vil verke inn på alle delar av verksemda, og ein må difor ta høgde for dei utfordringane vi står overfor her.

I tråd med innspela frå departementet har Høgskolen i Bergen for neste år valt å konkretisere tiltaka samstundes som ein løftar fram dei områda ein ønskjer å arbeide særskilt med. Det mest sentrale er at ein, samstundes med dei omfattande omstillingsprosessane, held oppe normal drift innanfor utdanning, FoU, formidling og forvaltning. Dette vil vere den største utfordringa til HiB det komande året.

Årsplanen vart drøfta av styret i desember 2012, før den vart endeleg vedtatt i mars 2013.

Høgskolen vil i 2013 leggje særskild vekt på å:

- Halde fram med å vidareutvikle og sikre den faglege kompetansen i personalet og auke talet på professorar, førstestillingar og stipendiatar
- Konsolidere porteføljen av studieprogram på bachelornivå på høgt kvalitativt nivå basert på både teoretisk tilnærming og praksiserfaring, i profesjonsutdanningane
- Følgje opp arbeidet som no er staka ut for utvikling av mastergrader som byggjer på bachelorprogramma og som støttar opp under doktorgradene
- Søkje godkjenning for eit doktorgradstilbod ved Avdeling for lærarutdanning
- Identifisere det fjerde doktorgradsområdet
- Ha ei FoU-verksemd ved høgskolen som er prega av profesjonsutvikling og er i godt samsvar med regionale behov
- Inngå i strategiske alliansar/SAK-prosessar som fremjar høgskolens eigne faglege ambisjonar
- Fortsette arbeidet med omorganisering av administrasjonen og då med særleg søkjelys på studieadministrasjonen og teknisk drift/bygningsdrift
- Arbeide vidare med tilpassing av organisasjonen til den nye infrastrukturen som skal takast i bruk ved flyttinga til Kronstad
- Halde eit særleg blikk på økonomien i samband med flyttinga og dei framtidige husleigeutgiftene, og investeringar knytt til ombygging av tilleggslokala
- Gjennomgå og styrke rutiane knytt til innkjøpsområdet

Sektormål 1

Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov

Kvalitativ styringsparameter

- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

Innleiing

For å nå målet om å gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov vil høgskulen både fokusere på kvaliteten og relevansen i utdanningane, og på kvaliteten på kandidatane som skal ut i samfunnet etter at dei er ferdig utdanna. Grunnlaget for kvalitetsarbeidet ligg både i organisering av studia og studiekvardagen for den einskilde, og i at ein har gode lærekrefter på alle nivå.

Arbeidet med å utvikle studieporteføljen vil fortsette i 2013. Styret har no vedtatt hovudprinsippa for denne utviklinga, der mastergradene og oppbygging av desse er vektlagde.

Som tidlegare år vil høgskulen satse på godt og målretta rekrutteringsarbeid. Det er framleis ei utfordring for HiB å auke det kulturelle mangfaldet blant studentane. Høgskulen skal utdanne kandidatar som er kjende for høg kvalitet i arbeidsmarknaden, og som har kunnskap som er relevant for dei yrka dei utdannar seg for. Høgskolen må derfor satse vidare på eit godt læringsmiljø og høg pedagogisk kvalitet. Implementering av kvalifikasjonsrammeverket og nye rammeplanar vil halde fram. Blant anna vil den nye barnehagelærerutdanninga starte opp i 2013 etter ny rammeplan. Høgskulen må arbeide for at alle studentane skal lukkast i å oppnå læringsutbyttet som er definert. For den vidare utviklinga av institusjonen må ein også halde fram arbeidet med å sikre god gjennomføring blant studentane.

Det er dokumentert eit aukande behov for den kompetansen høgskulen sine utdanningar gir, og det vil vere behov for vekst i talet på studieplassar innan utdanningane våre. Høgskulen er positiv til å auke talet på studieplassar i åra som kjem, men dette må vurderast nøye i høve til romkapasitet og høvet til å skaffe praksisplassar.

Alle utdanningane ved høgskulen skal vere *forskningsbaserte*. I forskningsbasert utdanning ved Høgskolen i Bergen skal studentar få høve til å delta aktivt i forskings- og utviklingsarbeid tilpassa utdanningsnivået. For å tilfredsstille kravet om forskningsbasert utdanning, er det naudsynt å fokusere på god rekruttering av fagfolk til forskning og undervisning.

I 2012 vart ein ny handlingsplan for internasjonalisering vedtatt. Høgskulen skal fortsetje å arbeide godt med utveksling av studentar på alle nivå. Det er eit mål å auke talet på innreisande studentar, undervise fleire emne på engelsk, og på sikt etablere minst ein internasjonal samarbeidsmaster.

Verksemdsmål 1.1 Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskningsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå, og utdanne høgt kvalifiserte, sjølvstendige, reflekterte og etisk bevisste yrkesutøvarar for ein nasjonal og internasjonal arbeidsmarknad

Tiltak

- Vidareføre arbeidet med implementering av kvalifikasjonsrammeverket og kvalitetssikring av læringsutbyttet.
- Arbeide aktivt med utdanningsleiing gjennom utvikling av studietilboda.
- Vidareføre arbeidet knytt til implementeringa av tilrådingane i Stortingsmelding 13 om velferdsutdanningane
- Styrke samarbeidet med praksisfelta for å sikre relevans og kvalitet i utdanningane
- Styrke tilbodet om opplæring i informasjonskompetanse – særleg knytt til mastergradsutdanningane
- Legge til rette for auka bruk av e-læring både i undervisinga og ved vurderingsformer
- Etablere fleire pedagogiske prosjekt og utvikle kurs i pedagogikk og fagdidaktikk utover basiskurset
- Arrangere den første Utdanningskonferansen med utdanningskvalitet og e-læring i fokus
- Implementere handlingsplan for internasjonalisering
- Vidareutvikle mastergradstilbod på engelsk
- Arbeide for at fleire fagmiljø og studieprogram involverer studentar i FoU-arbeid
- Implementere ny barnehagelærerutdanning
- Fastsette ordning for ekstern evaluering av studieprogram
- Etablere eit prosjekt for å auke det kulturelle mangfaldet

Risikovurdering verksemdsmål 1.1

Risiko

Det er risiko for at utdanningane ikkje blir forskingsbaserte dersom høgskulen ikkje har tilstrekkeleg forskingskompetanse og forskingsaktivitet. Konsekvensen kan bli at kandidatane ikkje har tilfredstillande kompetanse til å arbeide kunnskapsbasert i si yrkesutøving.

Sannsyn: 2

Konsekvens: 4

Risikoreduserande tiltak

- Målmedvite arbeid med forskingsbasert utdanning tilpassa utdanningsnivåa
- Prioritere vitenskapleg personale med forskingskompetanse ved nyrekruttering
- Arbeide for at fleire fagmiljø og studieprogram involverer studentar i FoU-arbeid
- Internasjonal rekruttering av vitenskapleg personale

Kvantitative styringsparameter sektormål 1 .

Styringsparameter	Resultat			Mål 2013
	2010	2011	2012	
Gjennomføring på normert tid (KD) ⁶	91,1	91,1	91	92
Delen uteksaminerte kandidatar tatte opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,8 (5 av 6)	0,5 (3 av 6)	0,7	0,7
Talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar per studieplass (HiB)	2,21	2,15	2,1	2,25
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekivalent per år (HiB)	48,4	49,6	50,8	51
Talet på studentar per årsverk i undervisnings-, forsknings og formidlingsstilling (HiB)	15,2	15,6	15	14,5
Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt (HiB)	4990	5359	5887	6000
Talet på utvekslingsstudentar totalt over 3 mnd. (ut/innreisande) (HiB)	247/76	227/73	265/60	270/90
Talet på utvekslingsstudentar på masternivå over 3 mnd. (ut/innreisande) (HiB)	2/0	0/0	1/0	5/5
Talet på utvekslingsstudentar totalt (ut/innreisande) ⁷ (HiB)	262/84	264/86	274/70	300/90
Talet på framandspråklege mastergradar (HiB)	1	2	2	2
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar) (HiB)	4	4	4	4

⁶ Rapport for denne parameteren finst ikkje i DBH eller FS enno. Vi har derfor valt å bruke rapporten «Gjennomføring i henhold til avtalt utdanningsplan» .

⁷ Inkluderer alle registrerte utvekslingsstudentar som var på utveksling frå 1 veke til 12 månader, og som avslutta opphaldet i rapporteringsåret.

Verksemdsmål 1.2 Høgskolen i Bergen skal i 2013 legge gode planar for flytting av verksemda til Kronstad og Møllendalsveien i 2014, med mål om at det ikkje skal gå ut over kvaliteten i utdanningane

Tiltak

- Gjennomføre simuleringar av romdisponering for all undervisning i dei nye lokala
- Planleggje studieåret 2013-14 slik at aktivitetar ikkje kjem i konflikt med ombygging og flytting
- Vurdere mellombelse endringar av studieplanar

Risikovurdering verksemdsmål 1.2

Risiko

Svikt i framdrifta, både internt ved HiB og av byggjeprojektet, kan medføre forseinkingar i flytteprosessen og dermed studiestarten i 2014

Sannsyn: 3

Konsekvens: 5

Risikoreducerande tiltak

- Planlegge backup-løysingar alt i 2013. Dette kan gjelde alternative lokala, omlegging av studieplanar o.l.
- Sterk vektlegging av framdrift i Bygg- og Organisasjonsprosjekta
- Sterk vektlegging av framdrift i innkjøpsprosessen (brukerutstyrløyinga)
- Tett kontakt med Statsbygg om framdrifta i byggjeprojektet

Sektormål 2

Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart utføre forskning, kunstnarisk- og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Kvalitative styringsparameter

- Resultatopptåing på forskning i høve til sin eigenart
 - FoU-verksemnda ved høgskolen skal vere prega av profesjonsutvikling og vere i godt samsvar med regionale behov
- Samspel mellom forskning og utdanning
 - Eit godt samspel mellom utdanning og forskning skal heve kvaliteten på utdanning og praksis

Innleiing

Strategi for forskning, utvikling og nyskaping 2011-2015 legg grunnlaget for vegen mot å bli universitet innan 2020.

FoU/N-arbeidet skal vere profesjonsutviklande gjennom etablering av ein kunnskapsbasert praksis og bidra til å styrke undervisninga ved dei profesjonsretta utdanningane våre.

Arbeidet med utvikling av eigne doktorgradsprogram skal vidareførast med tanke på at høgskolen i framtida skal kunne tilby gjennomgåande utdanningsløp, frå bachelor til ph.d. Dei ulike mastergradsområda og forskingsmiljøa desse byggjer på treng mykje merksemd for å ivareta heilskapen i den vedtatte utdanningsprofilen som styret har gitt. Arbeidet med samlokaliseringa av institusjonen vil bidra til at det tverrfaglege arbeidet mellom profesjonsutdanningane blir styrka.

Internasjonaliseringa er i god utvikling. I 2013 skal høgskolen implementere nokre av tiltaka i den nye handlingsplanen for internasjonalisering. Høgskolen vil særskilt vidareutvikle det internasjonale samarbeidet innanfor ph.d.-områda som er under utvikling, og i sterkare grad kople utdanningssamarbeid med forskingssamarbeid – særleg på master- og ph.d.-nivå.

Høgskolen har som mål stadig å auke den vitskaplege publiseringa i internasjonalt anerkjende publiseringsskanalar. HiB skal halde fram arbeidet med å stimulere til vitskapleg publisering av høg kvalitet med støtte og opplæring av fagleg tilsette, og ved sterkare å vektlegge publisering som kriterium for tildeling av FoU-tid. Høgskolen skal prioritere FoU/N av høg internasjonal kvalitet som vil medverke til å utvikle profesjonsfaga, og som kan utvikle fagområde der høgskolen har eit særskilt regionalt ansvar.

Verksemdsmål 2.1 Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemda, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv

Tiltak

- Sende søknad til NOKUT om akkreditering av minst eitt ph.d.-studium
- Vedta område for utvikling av eit fjerde ph.d.-studium.
- Rekruttere professorar inn mot både ph.d.- og masterprogramma
- Auke avsetning av strategiske midlar til forskning og forskarutdanning for utvikling av både ph.d.- og masterstudiane i form av koordineringsmidlar, internasjonalisering, stipendiat- og professorstillingar
- Auke eksterne forskingsmidlar gjennom betre og meir relevante prosjektsøknader til NFR og EU
- Fortsette å prioritere tildeling av FoU-tid inn mot strategiske satsingsområde, med krav til dokumentasjon, publisering og formidling
- Auke den vitskaplege publiseringa generelt og publisering i internasjonalt anerkjende kanalar spesielt
- Etablere seminarserie for opplæring og erfaringsutveksling i vitskapleg publisering
- Etablere publiseringsutval
- Etablere kurs i forskingsleiing
- Etablere eit tilbod i forskingsstøtte for stipendiatar.
- Implementere det vedtatte internkontrollsystemet for helseforskningslova og personopplysningslova for å sikre høg etisk kvalitet i FoU-arbeidet

Kvantitative styringsparameter sektormål 2

Styringsparameter	Resultat			Mål 2013
	2010	2011	2012	
Talet på vitskapleg publisering	119	221	210	240
Vitskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng (HiB) ⁸	67,4	113	Tala er enno ikkje klare	130
Midlar frå Noregs forskingsråd (i tusen kr) (HiB)	7.565	8.212	10.512	14000

⁸ Talet på publikasjonspoeng for 2012 er ikkje klart for denne rapporten, fordi rapporteringsfristen til Cristin for publikasjonar ikkje er før 3. april 2013.

Risikovurdering verksemdsmål 2.1

Risiko

Så lenge HiB ikkje kan utdanne eigne ph.d.-kandidatar er det ein risiko for at ein ikkje får utvikla tilstrekkeleg profesjonsretta forskingskompetanse.

Sannsyn: 3

Konsekvens: 5

Risikoreduserande tiltak

- Intensivere arbeidet med utvikling av eigne doktorgradsprogram
- Følgje opp samarbeid med doktorgradsinstitusjonane
- Delta i nasjonale og internasjonale forskarskolar

Risiko

Det kan vere ein risiko for at ein ikkje klarer å spisse personalressursar tilstrekkeleg til å etablere doktorgradsprogram.

Sannsyn: 4

Konsekvens: 5

Risikoreduserande tiltak

- Prioritere FoU-tid inn mot doktorgradsområda med vekt på vitenskapleg publisering
- Plan for rekruttering av professorar til master- og doktorgradsområda ved kvar avdeling
- Tildele strategiske midlar for utvikling av doktorgradsområda i form av koordineringsmidlar, internasjonalisering, stipendiatstillingar, professorkvalifisering og oppstartmidlar for 3 nye professorat
- Arrangere kurs i Ph.d.-rettleiing for å sikre god progresjon hjå doktorgradsstipendiatane
- Etablere kurs i forskingsleiing

Risiko

Det kan vere ein risiko for utviklinga av ph.d.-program at forskingsgruppa blir lokalisert på to studiestader.

Sannsyn: 3

Konsekvens: 5

Risikoreduserande tiltak

- Etablere fasilitetar på studiestadene som betrar høve for samarbeid

Sektormål 3

Universitet og høgskular skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Kvalitativ styringsparameter

- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv
 - Samfunns- og næringslivet i regionen skal sjå på Høgskolen i Bergen som ein naturleg samarbeidspart innan både utdanning og forskning
- Fleksibel utdanning
 - Høgskulen i Bergen skal bli ein sterkare og meir synleg aktør innan fleksibel utdanning

Innleiing

Høgskolen i Bergen er ein sentral samarbeidspart i det regionale samfunns- og næringslivet, med tette relasjonar til aktørar innan dei områda vi utdannar for. Dette omfattar både utdanningstilbod, forskning, utvikling og nyskaping. Høgskolen har fleire fleksible utdanningstilbod, både grunnutdanningar og etter- og vidareutdanning for å imøtekome kompetansebehovet i samfunnet. Det blir stadig utvikla nye utdanningstilbod i samarbeid med samfunns- og næringsliv. Nokre av utdanningane blir tilbydd i samarbeid med dei andre høgskulane på Vestlandet og med Universitetet i Bergen. I 2013 vil høgskolen, med stor grad av næringslivsfinansiering, starte opp subsea-ingeniørutdanning i Florø etter mal av den suksessrike utdanninga på Sotra. Høgskulen har nettopp avslutta ei 4-årig ingeniørutdanning for montørar i energiselskapet BKK. Eit nytt kull er i gang, denne gongen med nasjonal deltaking. Innan vidareutdanning av grunnskolelærarar og barnehagelærarar har Høgskolen i Bergen ei koordinerande rolle på Vestlandet. For å støtte opp under framtidsretta fleksibel utdanning skal høgskolen også intensivere arbeidet med å vidareutvikle infrastrukturen for e-læring i lokala på Kronstad og i Møllendalsveien. Fleire større strategiske e-læringsprosjekt vil bli sett i gang, nokre støtta av Norgesuniversitetet.

Innan forskning, utvikling og nyskaping følger høgskolen tiltaka som er nedfelte i Strategi for forskning, utvikling og nyskaping med overordna mål for 2015. Her spelar sentera ved høgskolen ei viktig rolle. Tilnærminga til profesjonsutviklande forskning, krev tett dialog med brukarfeltet, både for å integrere informantar frå brukarfeltet i forskingsarbeidet, for profesjonsretta publisering og for implementering av resultata. For å sikre dette har høgskolen etablert eigne råd for sentera, med utvalde relevante representantar frå arbeidslivet i regionen. I tillegg vil det sentrale *Rådet for samarbeid med arbeidslivet* (RSA) sikre relevansen i verksemda på eit overordna nivå.

Gjennom desse råda og andre større regionale prosjekt som *Barnehagen som dannelsesarena*, *Senter for omsorgsforskning*, *Tematisk forskingsprogram i Kunnskapsbasert praksis i HelseVest*, *VRI*, *NCE Subsea*, *Nyskapingsparken* m.m., vil høgskolen styrkje og vidareutvikle samarbeidet med dei praksisfelte som høgskolen utdannar for

- i) kommunal og fylkeskommunal sektor
- ii) spesialisthelsetenesta
- iii) næringslivet
og
- iv) aktørar for næringsutvikling og innovasjon

Som ledd i førebuinga til Kronstad og Møllendalsveien har høgskolen starta arbeidet med å utvikle ei ny visuell kommunikasjonsplattform og nye nettsider for www.hib.no. Dette arbeidet vil få auka merksemd i 2013. Det same gjeld arbeidet med Open Access-publisering og utvikling av *Skriftserien*. Høgskolen har stort omfang og høgt nivå på formidling i ulike kanalar, dette arbeidet vil halde fram i 2013.

Verksemdsmål 3.1 Høgskolen i Bergen skal vere ein sentral samarbeidspart og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskolen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Tiltak

- Vidareutvikle arbeidet med RSA
- Utvikle ny visuell kommunikasjonsplattform for høgskolen
- Utvikle ny teknisk plattform for www.hib.no
- Oppgradere høgskolen sine nettsider på engelsk
- Vidareutvikle HiB sitt institusjonelle «open access»-arkiv for betre synleggjering av FoU-produksjonen, inkludert masteroppgåver
- Etablere strategisk prosjekt for utvikling av nye e-læringsverktøy til bruk i etter- og vidareutdanning med tanke på flytting til Kronstad og Møllendalsveien 2014
- Intensivere arbeidet med å etablere bilaterale internasjonale samarbeidsavtalar om forskning innan master- og doktorgradsområda
- Etablere eit regionalt senter for omsorgsteknologi i samarbeid med samarbeidspartnarane.
- Arrangere den andre regionale konferansen om omsorgsteknologi
- Etablere desentralisert ingeniørutdanning i undervassteknologi i Florø som ledd i ei utvida regional NCE Subsea-satsing
- Etablere nye forskingsprosjekt retta mot utvikling av regionale næringsklynger på Vestlandet
- Vidareføre eit aktivt eigarskap i Bergen Vitensenter as
- Sikre trygg avvikling av den planlagde metningsdykkarutdanninga

- Auke eksterne forskingsmidlar gjennom betre og meir relevante prosjektsøknader til aktørar innan samfunns- og næringsliv

Risikovurdering verksemdsmål 3.1

Risiko

Det er ein risiko for at høgskolen ikkje er fleksibel nok til å svare på nye behov og oppdrag frå samfunns og næringsliv, og dermed ikkje er konkurransedyktig.

Sannsyn: 3

Konsekvens: 4

Risikoreducerande tiltak

- Styrke kommunikasjonen med aktuelle oppdragsgjevarar for å få lengre tid til planlegging – disponering av personale
- Arbeide systematisk gjennom RSA

Kvantitative styringsparameter sektormål 3

Styringsparameter	Resultat			Mål 2013
	2010	2011	2012	
Delen inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og NFR (KD)	6,9 %	4,8 %	2,7 %	5% ⁹
Total registrering av publisering samt bruker- og allmennretta formidling i CRISTIN (HiB)	973	889	930	1001
Talet på forretningsidear (HiB)	1	14	10	15

⁹ Det vises her til omtalen av måltallet i rapportdelen under verksemdsmål 3.1.

Verksemdsmål 3.2 Forskings- og kompetansesentera til høgskolen skal ha høg relevans for regionen og være nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktige innan sine fagområde. Sentera skal ha kritisk masse og bidra med kompetanse på tvers av avdelingane

Sentera ved høgskolen er i kontinuerleg utvikling med faglege leiarar tilsett i åremålsstillingar. Høgskolen har ambisjon om at sentera skal ha kritisk masse og ein fagleg utvikling som over tid gjer dei konkurransedyktig både nasjonalt og internasjonalt. Sentera er aktive i innhenting av eksterne midlar og samarbeider tett med Seksjon for forskning og ekstern samhandling i forhold til den eksterne porteføljen. Sentera skal vere tett på utviklinga i samfunns- og arbeidslivet, og fleire av sentera er sentrale i utvikling av doktorgradsprogramma, med etablering av fleire internasjonale avtalar i 2013. Det er eit mål at sentera i sterkare grad enn no blir senter for heile høgskulen.

Tiltak

- Etablere forum for sentera på tvers av avdelingane
- Sikre at sentera har tilgang på nødvendig administrativ støtte

Risikovurdering verksemdsmål 3.2

Risiko

Det er ein risiko for at resultat av aktiviteten ved sentra ikkje får verknad i høgskolen sine utdanningsprogram.

Sannsyn: 3

Konsekvens: 5

Risikoreduserande tiltak

Sikre at aktivitetane ved sentera er godt integrert med utdanningsverksemda

Sektormål 4 Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Kvalitative styringsparameter

- Langsiktig økonomisk planlegging
- Robuste fagmiljø

Innleiing

